

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 17/18296

Dykkar 17/1443 - 17/33766

referanse:

Dato: 04.12.2017

Att:

Eilin Houlison Molvik

Uttale til Lindås kommune Hordaland - søknad om dispensasjon til uttale - Gnr89 bnr6 Haugsmyra

Vi viser til brev datert 28.11.2017.

Våre ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i plansaker er å sikre at marint biologisk mangfold og fiskeri- og akvakulturinteressene i området, både noverande og framtidige, blir ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Vi ser det som særlig viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til viktige marine ressursområde som til dømes gytefelt. Å oppretthalde det marinbiologiske mangfaldet er naudsynt for å sikre ei framtidig hausting av marine ressursar og det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og ikring det aktuelle området.

Føremål og planstatus

Søknaden gjeld frådeling av ein parsell frå gbnr 89/6 samt etablering av rorbu og flytebrygge med landgang og kai. Flytebrygge med landgang er søkt etablert i område avsett til bruk og vern av sjø i kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden.

Våre innspel

Oversikt over fiskeri- og akvakulturinteresser samt marint biologisk mangfold i området finn de på <http://kart.fiskeridir.no>

I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald har HI registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for kysttorsk i Straumsosen som og omfattar Trællandsvågen. Etter vårt syn vil ikkje det omsøkte tiltaket kome i konflikt med registrerte fiskerriinteresser i området. På bakgrunn av dette har vi ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen

Postboks 6040

5892

BERGEN